

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
073/2015	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	04.11.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kristine Skaiaa Born	15/1799	15/12215

Val av representantar i Underutvalet for vilt og innlandsfiske 2016-2019

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Radøy kommune har gode erfaringar med å ha eit underutval for vilt og innlandsfiske, og har hatt dette i fire valperiodar no, dvs. 16 år. Administrasjonen meiner det er viktig også framover å ha eit rådgjevande organ for saker innfor vilt og innlandsfiske. Underutvalet tek opp og diskuterer mange ulike saker gjennom året, det gjeld biologisk mangfald, viltregistreringar, kursverksemd innfor vilt/fisk, tema på det årlege viltmøtet i Radøy, tidspunkt og organisering av hjorteteljinga, fellingsløve, organisering av vald, skadefellingar på ulike typar vilt m.m. Hjorteforvaltninga er såleis berre ein av mange ulike saksområde der underutvalet gjev råd og innspel til Radøy kommune. I den komande perioden vil viktige saker verte Forvaltningsplan for gress, vidare utvikling av skytebana i Stokkedalen og miljøet kring denne, småroviltforvaltning og arbeidet rundt bestandsplan-området for hjort. I vedtak fatta av administrasjonen vil ein klage alltid verta handsama i hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk på vanleg måte.

I politisk reglement for Radøy kommune, vedteke i kommunestyret 14/02/2013, heiter det under punkt 2.7 a.: Hovudutvalet kan oppnemna eit underutval i viltsaker med 6 medlemmer (3 politikarar frå hovudutvalet og 3 medlemmer frå frivillige lag/organisasjonar) for saker innan vilt- og innlandsfiske.

Underutvalet 2012-2015 har vore representert slik:

Nordhordland Jakt og Fiskelag: Medlem: Andre Michelsen

Radøy Bonde- og Småbrukarlag: Medlem: Oddvar Stang

Myking- og Hauglandsvatnet Fiskelag: Medlem: Atle Lilletveit

1. varamedlem: Vald rep. frå Manger Grunneigarlag

2. varamedlem: Vald rep. frå Manger Bondelag

3. varamedlem: Bjørnar Dalseng, Nordhordland Jakt og Fiskelag

Politiske oppnemnde medlemmer:

Medlem: 1. Ingvil Taule 2. Edgar Grindheim 3. Christel Villanger Håland.

Varamedl: 1. Trond Morten Marøy. 2. Kirsti Gjetle Floen. 3. Finn Frantzen

Administrasjonen har teke skriftleg kontakt med lag som i dag har medlemmer eller varamedlemmer i underutvalet, med frist 15. oktober for å høyra om dei er interessert å vera representert framover. Alle laga har meldt inn ein representant. Det kom og inn representant frå Norangervågen vald, om enn noko på ettertid.

Vurdering

Administrasjonen meiner det er viktig også framover å ha eit rådgjevande organ for saker innafor vilt og innlandsfiske. Dei sit med viktig og god kunnskap om lokale høve, tradisjonar og naturtilstanden i vår kommune. Det vil vera viktig for å få eit velfungerande og balansert organ at og dei valde politikarane lar seg engasjera og møter. Med eit utval med 3 politisk valde medlemmer og 3 frå lag og foreningar kan ein få gode diskusjonar og ei betre forvaltning. Administrasjonen ser det som naudsynt at både lokalforeningar for jeger/fiskeinteressene og landbruksfaglaga er representert i utvalet. Landbruksfaglaga utgjer ein viktig del av forvaltninga av både hjorte- og rovvilt då dei har ei anna tilnærming enn dei aktive jegerane. Ei naturleg fordeling i utvalet vil vera 3 politikarar med vara, 1 representant frå landbruksfaglaga med vara og 2 representantar frå jeger-, fisk- og grunneigarlaga med vara.

Ein kort presentasjon av kandidatane for underutval for vilt og innlandsfiske:

Manger grunneigarlag Representant: Øystein Frotaule

Manger grunneigarlag er eit godt organisert og stort grunneigarlag med Radøy sitt største hjortevald. Øystein Frotaule har vore, og er mykje aktiv med omsyn til både jakt og innlandsfiske. Ein kunnskapsrik mann med godt kontaktnett som har vore nytta av utvalet som foredragshaldar ved fleire høve.

Myking – og Hauglandsvatnet Fiskelag Representant: Atle Lilletveit

Myking- og Hauglandsvatnet Fiskelag er eit lokalt lag som driv aktivt med tilrettelegging for fiske og friluftsliv, både for funksjonshemma og for ålmenta i sitt område. Atle Lilletveit har lang erfaring med utvalet og kan mykje både om fisk- og viltforvaltning.

Norangervågen vald Representant: Martin Soltveit

Norangervågen er det nest største hjortevaldet i kommunen med mange aktive og engasjerte jegarar, i eit område med både mye hjort og aktivt jordbruk. Martin Soltveit er ein engasjert, erfaren og allsidig jeger.

Nordhordland jakt- og fiskelag Representant: Andre Michelsen

Nordhordland jakt- og fiskelag er ein open interesseorganisasjon for dei med interesse for jakt og fiske. Dei jobbar i Nordhordland med opplæring av ungdom, tilrettelegging for jakt og kurs, og driv vilttelefonen som valda nyttar for ettersøk. André Michelsen har lang erfaring med utvalet, er kunnskapsrik og engasjert i ulike prosjekt.

Radøy Bondelag Representant: Jan Gunnar Vaktskjold

Radøy bondelag er eit aktivt lokallag for bøndene i vår kommune. Dei jobbar aktivt med å trygga og betra bøndene sine arbeidsvilkår og ivareta matjorda. Jan Gunnar Vaktskjold er ein kunnskapsrik

sauebonde og jeger med engasjement for å ivareta marka og bruka naturressursane.

Radøy bonde- og småbrukarlag

Representant: Johnny Ystebø

Radøy bonde- og småbrukarlag er eit aktivt lokallag for bønder og småbrukarar i regionen. Dei jobbar for å trygga ein lokal og stabil matproduksjon i eit aktivt jordbruksmiljø og eit variert kulturlandskap. Johnny Ystebø er ein ny representant frå småbrukarlaget som tidlegare har vore representert av Oddvar Stang. Johnny er sjølv jeger og sauebonde og sit med kunnskap og engasjement for god naturforvaltning i Radøy.

Konklusjon

Aminstrasjonen ser positivt på engasjementet frå lag og foreningar. Det er 5 sterke kandidatar som stiller til val, og med ein kombinasjon av jeger-, fiske- og landbruksinteresse vil underutvalet vera godt rusta for dei komande diskusjonane og innspela i perioden 2016 - 2019.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Underutval for vilt og innlandsfiske beståande av 3 politikarar, 2 representantar frå jeger/fisk/grunneigarforening og 1 representant frå faglag i landbruket vert valde av hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk.

Underutvalet 2016-2019 skal vera representert slik:

Foreining/lag: Medlem:

Foreining/lag: Medlem:

Foreining/lag: Medlem:

1. varamedlem:

2. varamedlem:

3. varamedlem:

Politiske oppnemnde medlemer:

Medlem: 1. 2. 3.

Varamedl: 1. 2. 3.

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 073/2015

PLT - handsaming:

Leif Taule (Sp) sette fram følgjande framlegg:

Som medlemmer i Underutvalet for vilt og innlandsfiske 2016-2019 vert følgjande valde:

Foreining/lag	Medlem	Varamedlem
Radøy bondelag	Jan Gunnar Vaktskjold	1. Martin Soltveit – Norangervågen vald
Manger grunneigarlag	Øystein Frotaule	2. Atle Lilletveit – Myking - og Hauglandsvatnet Fiskelag
Nordhordland Jakt- og fiskelag	André Michelsen	3. Johnny Ystebø – Radøy bonde- og småbrukarlag
Politisk oppnemnde medlemmer		
	Dag Sætre (Sp)	1. May Britt Vågenes Gjerde (Sp)
	Liv Berith Rath (Ap)	2. Morgan Taule (Ap)
	Edgar Grindheim (Ap)	3. Roy Bø (FrP)

Hovudutvalet vedtok samrøystes Leif Taule (Sp) sitt framlegg til medlemmer i Underutval for vilt og innlandsfiske.

PLT - vedtak:

Som medlemmer i Underutvalet for vilt og innlandsfiske 2016-2019 vert følgjande valde:

Foreining/lag	Medlem	Varamedlem
Radøy bondelag	Jan Gunnar Vaktskjold	1. Martin Soltveit – Norangervågen vald
Manger grunneigarlag	Øystein Frotaule	2. Atle Lilletveit – Myking - og Hauglandsvatnet Fiskelag
Nordhordland Jakt- og fiskelag	André Michelsen	3. Johnny Ystebø – Radøy bonde- og småbrukarlag
Politisk oppnemnde medlemmer		
	Dag Sætre (Sp)	1. May Britt Vågenes Gjerde (Sp)
	Liv Berith Rath (Ap)	2. Morgan Taule (Ap)
	Edgar Grindheim (Ap)	3. Roy Bø (FrP)